Marit Silje Årnes Husabø

Emne: Nominasjon til Forskningsrådet sitt hovudstyre - Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kandidat

Fra: Endre Høgalmen
Sendt: fredag 19. oktober 2018 22:32
Til: Paal Fosdal <Paal.Fosdal@sfj.no>; Jan Heggheim <Jan.Heggheim@sfj.no>; Merete Lunde <ml@vestforsk.no>
Kopi: Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>
Emne: Nominasjon til Forskningsrådet sitt hovudstyre - Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kandidat

Hei og syner til fylkesutvalet sitt møte i går der fylkesrådmannen fekk i oppdrag å nominere ein kandidat til Forskningsrådet sitt hovudstyre.

Fylkeskommunen har no nominert Berit Rokne, som er rektor ved Høgskulen på Vestlandet.

Mange takk til Merete Lunde som har hjelpt oss med teksten til nomineringa!

Det leverte innspelet ligg under her.

Med helsing
Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Endre.Hogalmen@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95207789

Sogn og Fjordane fylkeskommune nominerer Berit Rokne som styremedlem i Forskningsrådet sitt hovudstyre. Ho er rektor ved Høgskulen på Vestlandet/HVL. Med si gode erfaring og perspektiv med ståstad på Vestlandet vil ho vere ein god kandidat til Forskningsfondet sitt hovudstyre.

Rokne har brei erfaring frå UH-sektoren både fagleg, fagpolitisk, administrativt og på strategisk leiarnivå. Rokne har også erfaring med samhandling mellom arbeids- og samfunnsliv og UH-sektor. Ho har doktorgrad i sjukepleievitskap i 1993 og har frå 2003 vore professor i sjukepleievitskap ved UiB fram til ho vart rektor ved HVL i 2017. Ved UiB har Rokne vore viserektor for utdanning og prorektor for forsking. Ho har delteke i ulike programstyre og ulike evalueringar, og ho har leia ei rekke komitear. Berit Rokne har omfattande erfaring med rettleiing av på master- og ph.d.-studentar og har over 100 publikasjonar i internasjonale tidsskrift. No er ho leiar av HVL som er ein særs viktig institusjon for utviklinga av det framtidige Vestlandet, med utgangspunkt i fem ulike studiestadar. Berit Rokne vil kunne vere med å ivareta ei bredde av ulike perspektiv i Forskningsrådet sitt arbeid.